



FOTO: ODD INGE WORSØE

Kvasheim fyr blei bygd i 1912. Fyret blei utvida i 1953 og avfolka i 1990. Frå venstre maskinhuset, fyrmeisterbolig med fyrlykta og bak til høgre betjentboligen. Marka i forgrunnen inneheld flere gravhaugar fra eldre jernalder.



FOTO: BJØRN HILLE

Maskinhuset med tyfonen frå 1953 vart ombygt og tatt i bruk som kafé og møtelokale i 2007.



FOTO: BJØRN HILLE

Kvasheim hamn ein uversdag. Hamna vart bygt som nødsarbeid i 1930-åra. Fyrlykta avløyste Kvasheim fyr rundt 1990.

FRÅ FYRSTASJON TIL FRILUFTSFYR

Raunen sør for Kvasheim var eit frykta farvatn etter mange skipsforlis på 1800-talet. I 1906 vart det reist eit tåkesignal ved Kvasheimpynten. Dette varsla dei sjøfarande med eit skot kvart tiande minutt. I 1912 blei Kvasheim fyr sett i drift. Fyret hadde bustad og eit 12 meter høgt lystårn. Seinare vart tåkesignalet skifta ut med eit elektrisk hornsignal. I 1953 blei det bygd maskinhus med tyfon. Nå kom og ein fyrvaktar-bustad. Kvasheim hadde fyrvaktar til 1990. Då blei fyret avfolka og erstatta med ei automatisk fyrlykt ved Kvasheim hamn. Kvasheim hamn blei bygd som nødsarbeid i 1930-åra. Moloen i stein er nødhavn for småbåtar base for mindre fiskebåtar.

I 2004 overtok Direktoratet for naturforvaltning Kvasheim fyr. Jæren Friluftsråd har hatt




FOTO: JÆRMUSEET/LÅNT FRÅ OTTO KVALBEIN

"SS Waldemar" frå København forliste ved Raunen 27.november 1908.

ansvaret for å byggja om fyret til eit informasjons- og friluftssenter. Maskinhuset vart teke i bruk som kafé og møtelokale i 2007. Hovudbygningen skal stå ferdig i 2010. Her kjem utstillingar om naturen på Jæren og om

redningshistoria. Det er bygd ein større parkeringsplass ved Kvasheim hamn. Friluftsfyret og hamna på Kvasheim er ein del av Jærestrendene landskapsvernområde.



Teikning frå 1981.

KILDE: NORGES FYR, BIND 1, GRØNDAHL, OSLO 1986.

0 10 20 30 40 50 60 M.
 1. Fyr & bolig 2. Maskinhus.
 3. Bolig for betjening 4. Uthus
 5. Oppført som oljebod 6. Garasje
 7. Vei til havn
 Kvasheim fyrstasjon